



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 35

(2000-2001)

---

**Om lov om endringer i lov 29. juni 1990  
nr. 50 om produksjon, omforming,  
overføring, omsetning og fordeling av  
energi m.m. (energilova)**

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 21. desember  
2000, godkjend i statsråd same dagen.*

# 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

## 1.1 Innleiing

---

Departementet ønskjer å leggje til rette for ein ny finansieringsmodell og ei ny organisering av arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon. Proposisjon som ligg føre, kjem som ei følgje av at finansieringsdelen i omorganiseringa krev at reglane i energilova knytt til lovpålagt enøk blir oppheva og at det i staden kjem inn ei ny føresegn i energilova.

I NOU 1998:11 Energi- og kraftbalansen mot 2020 tilrådde energiutvalet ei omorganisering av enøkverksemda. Dette vart følgt opp gjennom St. meld. nr. 29 (1998-99) om energipolitikken, der det vart varsla at departementet ville vurdere spørsmålet om eit eige, sentralt organ for enøkverksemda. Departementet gjekk inn for ei slik omorganisering vinteren 2000. Omorganiseringa vart støtta under behandlinga av energimeldinga i Stortinget. Det er også gjort greie for forslaget i St. prp. nr. 1 (2000-2001).

Formålet med omorganiseringa er å få større slagkraft i arbeidet med omlegginga av energibruk og energiproduksjon. Stortinget har sett mål for å avgrense forbruket, for miljøvennleg varme, og for vindkraft. Nye rammer for arbeidet skal sikre meir effektiv bruk av offentlege midlar. Slik kan ein oppnå større avgrensingar i forbruket og auka produksjon av nye fornybare energikjelder per støttekrone enn kva tilfellet er i dag. Auka bruk av naturgass vil vere ein del av omlegginga.

Hovudelementa i forslaget er å:

- avvikle det lovbestemte kravet til distribusjonsselskapa om å drive energiøkonomisering som kan finansierast over eit påslag i overføringstariffen
- innføre ein ny lovheimel som inneber at påslaget som er i dag kan gjerast obligatorisk
- overføre påslaget og midlar over statsbudsjettet til omlegging av energibruk og energiproduksjon til eit nytt energifond
- etablere ei ny statleg verksemd med vide fullmakter som skal forvalte fondsmidlane
- avvikle det arbeidet som er i dag knytt til forvaltning av midlar til omlegging av energibruk og energiproduksjon i NVE

Forslaget skal leggje til rette for ei meir effektiv omlegging gjennom:

- ei klarere ansvars- og rollefordeling
- auka fokus på konkrete resultat i forhold til overordna mål
- auka vektlegging av konkurranse og riktige incentiv
- stabile finansielle rammer som gir høve til langsiktige satsingar

Den nye verksemda skal arbeide nær marknaden og sjølv kunne velje sine verkemiddel og samarbeidspartnarar. Departementet vil i si styring av institusjonen fokusere på dei resultat som verksemda leverer og sjå desse i samanheng med departementet sin bruk av verkemiddel elles. Dermed kan det leggjast til rette for ei heilskapleg oppfølging av dei energipolitiske måla.

Om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

Den nye statlege verksemda skal lokalisert i Trondheim og vil bli etablert medio 2001. Departementet vil seinare avgjere verksemda si tilknytingsform.

## 2 Høyringsrunden

### 2.1 Høyringsbrevet

---

Olje- og energidepartementet sende forslaget om endra finansiering og organisering av arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon på høyring den 28.06.2000 saman med ei rekkje andre forslag til endringar i energilova. Høyringsbrevet vart sendt til følgjande institusjonar og organisasjonar:

- Alle departement
- Alle fylkesmenn
- Sametinget
- Datatilsynet
- Direktoratet for sivilt beredskap
- Forbrukerrådet
- Kredittilsynet
- Konkurransetilsynet
- Statistisk sentralbyrå
- Statnett SF
- NORD POOL ASA
- NOS Kraft AS
- Energiforsyningens fellesorganisasjon
- Forum for regionale enøk-senter
- Kommunenes sentralforbund
- Landsorganisasjonen i Norge
- Landssamanslutninga av vasskraftkommunar
- Norske Energikjøperes Interesseorganisasjon
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Prosess- og foredlingsindustriens Landsforening
- Statnettkundenes Fellesorganisasjon
- Samarbeidsrådet for naturvernsaker
- Nordisk Institutt for Sjørett
- Norsk Petroleumsinstitutt
- Samarbeidande Kraftfylke
- Energiverkenes Landsforening
- Norsk Fjernvarmeforening
- Statens Nærings- og Distriktsutviklingsfond
- Norsk Bioenergiforening
- Norsk Varmepumpeforening
- Norsk Solenergiforening
- Norges Miljøvernforbund
- Framtiden i våre hender
- Natur og Ungdom
- Bellona
- Norges Bondelag
- Norsk Bonde og Småbrukarlag
- SINTEF Energiforskning
- Institutt for energiteknikk
- Norges forskningsråd

- Norske Boligbyggelags Landsforbund A/L
- Norges Byggforskningsinstitutt
- Entro Energi AS
- NSB Eiendom
- Ole Gunnar Søgne (NVEs byggoperatør)
- Landsdelsutvalet
- Stiftelsen Vekst
- Opplysningskontoret for energi og miljø
- KanEnergi AS
- Energy Saving International AS
- Kraftmeglerforbundet i Norden

Det er komme inn 76 uttaler. For å sikre at ei ny finansieringsform og ein ny institusjon kan vere fullt operative frå årsskiftet 2001/02, har departementet funne det føremålstenleg at forslaget om endra finansiering og organisering av arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon blir skilt ut og fremja som ei eiga sak med tilhøyrande lovendring. Dei andre forslaga om endringar i energilova som vart sende på høyring samtidig, vil departementet komme tilbake til som ei eiga sak på eit seinare tidspunkt.

Følgjande institusjonar og organisasjonar har avgitt realitetsuttale med omsyn til den føreslegne endra finansiering og organisering av arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon:

Departement

- Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD)
- Finansdepartementet
- Kommunal- og regionaldepartementet
- Nærings- og handelsdepartementet
- Miljøverndepartementet (MD)

Fylkesmenn

- fylkesmannen i Sør-Trøndelag
- fylkesmannen i Vestfold
- fylkesmannen i Vest-Agder
- fylkesmannen i Hedmark
- fylkesmannen i Oslo og Akershus

Kommunar / fylkeskommunar

- Bergen kommune
- Hordaland fylkeskommune

Naturvernorganisasjonar

- Norges Naturvernforbund
- Natur og Ungdom

Offentlege direktorat / forvaltningsinstitusjonar

- Konkurransetilsynet

Forskningsinstitusjonar / universitet / høgskular

- SINTEF Energiforskning
- Institutt for energiteknikk (IFE)
- Statistisk sentralbyrå (SSB)
- Norges forskningsråd (Forskningsrådet)
- Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)

Om lov om endringer i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

#### Næringsorganisasjonar

- Energiforsyningens fellesorganisasjon (Enfo)
- Opplysningskontoret for energi og miljø (Ofe)
- Norske Boligbyggelags Landsforening (NBBL)
- Landsorganisasjonen i Norge (LO)
- LO Industri
- Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
- Kommunenes Sentralforbund (KS)
- Sørlandets Teknologiforum
- Norges Bondelag
- Norsk Varmepumpeforening (NOVAP)
- Statnettkundenes Fellesorganisasjon (SFO)
- Kjelforeningen Norsk Energi
- Norsk solenergiforening
- Forum for regionale enøk-sentere (Fres)
- Norges Elektroentreprenørforbund (NELFO)
- Norsk Skogbruksforening (NORSKOG)
- Energiverkenes Landsforening (EVL)
- Prosessindustriens Landsforening (PIL)
- Norsk Bioenergiforening (NoBio)
- Norsk Fjernvarmeforening
- Den Norske Advokatforening
- Stiftelsen Vekst

#### Andre interesseorganisasjonar / politiske organisasjonar

- Samarbeidande kraftfylke
- Agderrådet
- Landsdelsutvalet (regionalpolitisk organ for Finnmark, Troms, Nordland og Nord-Trøndelag fylkeskommunar)
- Sør-Trøndelag fylkeskommune Energikontor (STEA)

#### Selskap

- Agder Energi AS
- Aust-Agder Kraftverk Nett AS
- KEV Nett AS
- Vest-Agder Energinett AS
- Entro Energi AS
- NSB BA Eiendom
- Storebrand
- KanEnergi AS
- Fredrikstad EnergiTjenester AS
- Hydro Energi
- NORD POOL ASA
- Enøk-senteret i Akershus AS
- Statnett SF

#### Private / andre

- Nordisk Institutt for Sjørett v/forskar dr. juris. Ulf Hammer

## **2.2 Hovudinstrykk frå høyringa**

---

Dei fleste er svært positive til alle element i forslaget. Dette gjeld alle departement, fylkesmenn, kommunar og fylkeskommunar, naturvernorganisasjonar og forvaltningsorganisasjonar, og andre interesseorganisasjonar. Det store fleirtalet av forskingsinstitusjonar, næringsorganisasjonar og selskap er også positive.

Blant dei som har innvendingar er det størst forskjell i oppfatning av spørsmål knytt til påslaget på nett tariffen. Behov for eit nytt organ og levetida til organet blir òg drøfta i nokre uttaler. Elles diskuterer fleire høyringsinstansar forhold som vedkjem dei regionale enøksentra. Grenseflater og samarbeid med andre institusjonar blir òg tekne opp av fleire instansar.

## **2.3 Utkast til lovproposisjon**

---

Utkastet til lovproposisjonen har vore lagt fram for fleire departement. Utkastet til proposisjon har også vore til lovteknisk gjennomgang i Justisdepartementet.

## 3 Bakgrunnen for forslaget

### 3.1 Rammene for omlegginga

---

Forbruket av energi i Noreg speglar vårt velstandsnivå og vår kraftkrevjande industriproduksjon. Veksten i energibruken er nært knytt til den økonomiske utviklinga. Sjølv om det er gode høve til å skaffe ny energi i åra framover, vil særleg miljøkrava avgrense tilgangen.

Energisituasjonen er prega av at produksjonen av vasskraft varierer sterkt med nedbøren. I år med normal nedbør kan det bli behov for å importere kraft frå utlandet. Dette underskotet i kraftbalansen er aukande.

Vasskrafta kan framleis gi monaleg ny produksjon, men den store utbyggingsepoken er over. Regjeringa går inn for å ta i bruk naturgass, både til elproduksjon og til direkte bruk. Det er likevel usikkert når slik utbygging kan bli lønnsam, samtidig som utsleppa frå bruk av fossilt brensel blir regulert og skal regulerast etter internasjonale avtaler. Nye fornybare energikjelder kan stå for ein del av energitilgangen, men har jamt over høgare kostnader enn konkurrerande kjelder og har også miljøkonsekvensar.

Konkurransen i kraftmarknaden har gitt lave prisar og dermed lita interesse for å investere i nye prosjekt. Dette påverkar særleg investeringar i nye fornybare energikjelder. Etterkvart som kapasiteten i den internasjonale energimarknaden blir betre utnytta og vi får ein betre balanse mellom produksjon og forbruk, må ein rekne med høgare prisar på energi. Mange meiner likevel at dette kan ta tid.

Tiltak for å avgrense veksten i energibruken vil vere viktig i tida som kjem. For Noreg er det særleg viktig å få til ei omlegging som gjer oss mindre avhengige av el.

Hovudutfordringa i energipolitikken er å syte for ei effektiv og sikker energiforsyning innanfor dei rammer som miljøkrava set. Regjeringa sin strategi for omlegginga av energibruk og energiproduksjon er å vere i forkant av marknadsutviklinga. Tiltak retta mot energisparing, mindre bruk av el til oppvarming og ny miljøvennleg energiproduksjon, skal medverke til å sikre framtidsette energiløysingar og skal gi utviklinga i energisektoren ei ny retning. I denne proposisjonen blir det gjort greie for nye rammer for dette arbeidet.

### 3.2 Måla for omlegging av energisektoren

---

Regjeringa går inn for auka satsing på nye fornybare energikjelder og på tiltak som avgrensar forbruket. Ei slik omlegging er i tråd med dei måla som fleirtallet i energi- og miljøkomiteen har støtta opp om i Innst. S. nr. 122 (1999-2000).

Måla for omlegginga er:

- å avgrense energiforbruket vesentleg meir enn om utviklinga blir overlatt til seg sjølv,
- å bruke 4 TWh meir vassboren varme årleg basert på nye fornybare energikjelder, varmepumper og spillvarme innan 2010,



– å byggje vindkraftanlegg som årleg produserer 3 TWh innan 2010

I tillegg er det eit fleirtal på Stortinget for å auke bruken av naturgass innanlands. Fleirtalet gjekk også inn for at det skulle løyvast 5 milliardar kroner over 10 år for å byggje opp under omleggingspolitikken. Dei ambisiøse måla og den langsiktige finansielle ramma stiller nye krav til forvaltninga av midlane. Det må fokuserast meir på målbare resultat og kostnadseffektive tiltak enn tildelgare. Dette gjer det òg nødvendig å vurdere ei ny organisering av arbeidet. Ei godt organisert og effektiv forvaltning er ein føresetnad for å kunne nå energipolitiske mål med avgrensa ressursar.

Departementet orienterte Stortinget om arbeidet med å vurdere alternativ til organiseringa i dag, m.a. i St. meld. nr. 29 Om energipolitikken:

«Departementet vil vurdere spørsmålet om et eget sentralt organ for enøkvirkomheten, for eksempel i form av et enøkdirektorat. Departementet vil komme tilbake til Stortinget med en anbefaling om dette på et senere tidspunkt.»

Departementet har også tidlegare vurdert å etablere eit sjølvstendig organ for enøk og nye fornybare energikjelder. Stor uvisse med omsyn til stabiliteten og nivået på statlege løyvingar, har gjort at departementet ikkje har fremja eit slikt forslag før. Etter behandlinga i Stortinget av energimeldinga er det no tilslutning til eit meir stabilt finansieringsfundament for omleggingsarbeidet. I Innst. S. nr. 122 (1999-2000) heiter det:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, viser til Innst. S. nr. 150 (1997-98) hvor et flertall mente at de 0,3 ørene pr. kWh som i dag legges på toppen av overføringstariffen, burde gjøres obligatorisk. Flertallet mente også at dette påslaget i større grad burde kunne benyttes til direkte støtte til investeringer i enøktiltak og varmepumpe-teknologi. I samme innstilling ble det også påpekt at enøksentrene i større grad burde vurderes fristilt fra energiselskapene. Flertallet mener disse merknadene danner et godt utgangspunkt for det videre arbeidet med enøkorganiseringen.»

Vidare har komitefleirtalet i samme innstilling gitt si tilslutning til at det bør vurderast å opprette eit nytt og frittståande organ:

«Flertallet vil peke på at det kan være hensiktsmessig å avlaste NVE for ansvaret for å forvalte støtten til omlegging av energibruk og energiproduksjon. Flertallet mener på denne bakgrunn at det bør vurderes å opprette et nytt organ med ansvar for enøk og nye fornybare energikilder. Kjernen i virksomheten til et nytt enøkorgan bør være å bidra til prosjekter for å nå mål innen energisparing, overgang fra el til varme og satsing på vind.»

### 3.3 Organiseringa i dag

---

Den operative forvaltninga av verkemidla retta mot nye fornybare energikjelder og forbruksretta tiltak, er i dag delt mellom Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og distribusjonsselskapa. Det dreier seg om to skilde verksemder med forskjellig innhald, finansiering og styring. Dei to ordningane blir nærare omtalte nedanfor.

### 3.3.1 NVE og løyvingar over statsbudsjettet

Olje- og energidepartementet har valt å delegere forvaltninga av dei fleste midlane under statsbudsjettet sitt kap. 1825 Omlegging av energibruk og energi-produksjon, til NVE. Departementet legg gjennom dei årlege tildelingsbrevaføringar for bruken av midlane i samsvar med prioriteringane i statsbudsjettet. I det vedtekne budsjettet for 2001 løyvde Stortinget 347,2 mill. kroner til dette formålet.

Verksemda i NVE omfattar både produksjonsretta og forbruksretta tiltak. Dei produksjonsretta tiltaka er retta mot investeringsstøtte til produksjon av vindkraft og utnytting av varme frå nye fornybare energikjelder, spillvarme og varmpumper. NVE administrerer sjølv tilskotsordningane for varmeanlegg og vindkraft. Midlar til introduksjon av naturgass blir òg handterte av NVE. Dei forbruksretta tiltaka består primært av informasjon og opplæringsaktivitetar. Desse er særleg retta mot store energibrukarar i bygningssektoren og industrien, og faggrupper som spelar ei nøkkrolle i drift av energianlegg og ved val av energiløysingar.

Det operative arbeidet knytt til dei forbruksretta tiltaka er i stor grad lagt ut til operatørar på treårige kontraktar. NVE har i dag fire operatørar som utfører 20-25 årsverk. Internt brukar NVE om lag 13 årsverk på arbeid knytt til dei ulike ordningane. Forvaltninga av statlege midlar til omlegging av energisektoren utgjør ein liten del av NVE sin samla innsats målt i årsverk.

#### 3.3.1.1 Departementet sitt syn

Sidan departementet overlot tilskotsforvaltninga til NVE tidleg på 1990-talet, har NVE sitt arbeid med energiøkonomisering og nye fornybare energikjelder gitt eit viktig bidrag til omlegginga av energibruk og energiproduksjon.

NVE er ein organisasjon med mangearta oppgåver. Dei ulike rollene til NVE har ført til at arbeidet med omlegginga av energibruk og energiproduksjon, i ein del tilfelle kjem på tvers av måla for andre direktoratsoppgåver, som m.a. omfattar konsesjonsbehandling og inntektsregulering. Ved konsesjonsbehandlinga av fjernvarmeanlegg og vindkraftanlegg skal NVE avvege allmenne interesser mot utbyggingsinteresser. Det kan vere vanskeleg å balansere dette mot at NVE gjennom tilskotsforvaltninga aktivt skal arbeide for å fremje slike utbyggingar. Inntektsreguleringa skal gi nettselskapa incentiv til å utnytte nettet effektivt. Dette kan komme i konflikt med rolla som pådrivar for å fremje auka bruk av vassboren varme og tiltak som avgrensar forbruket.

Vidare inneheld det statlege reglementet for løyvingar avgrensingar i forhold til langsiktige investeringsprosjekt. Slike prosjekt er ofte dei mest kostnadseffektive i forhold til å nå mål knytt til kilowattimar. For varmeanlegg og vindkraftanlegg kan det gå fleire år frå tilsegn om støtte er gitt til utbetalingar skjer. Dette skuldast at det etter at tilsegn er gitt, framleis vil gjenstå ein del planlegging og førebuing av prosjektet. I tillegg vil den fysiske gjennomføringa kunne strekkje seg over fleire år. Den lange gjennomføringstida og etterskotsvis utbetaling av støtte, gir behov for store overføringar av midlar frå den eine budsjetterminen til den neste. Dette tilhøvet er i seinare tid blitt vurdert som eit problem i forhold til eittårs- og kontantprinsippet i reglementet for løyvingar.

Den pådrivarrolla som kjenneteiknar omleggingsarbeidet, krev handlefri-  
dom som kan vere vanskeleg å oppnå innanfor direktoratsforma. Vidare gjer  
dei særprega oppgåvene det naturleg å gå inn for ei utskiljing av denne verk-  
semda frå NVE.

### 3.3.2 Distribusjonsselskapa og lovpålagt enøk

Etter energilova § 3-4 første ledd nr 5 kan det fastsetjast vilkår om energiøko-  
nomisering. Lovpålagt enøk inneber at distribusjonsselskap med områdekon-  
sesjon tildelt etter 1991, i medhald av forskrift til energilova § 3-7 bokstav a,  
skal gi nøytral informasjon og vegleiing om enøk overfor energiforbrukarane.  
Lovpålegget kom som ein konsekvens av at ein frykta for at enøkarbeidet i sel-  
skapa ville ta slutt etter dereguleringa av kraftmarknaden.

Distribusjonsselskapa kan i dag dekkje utgiftene til lovpålagt enøk gjen-  
nom eit påslag i overføringstariffen på 0,2 øre/kWh. Distribusjonsselskapa  
kan i tillegg ta ut 0,1 øre/kWh for å finansiere felles prosjekt gjennom regio-  
nale enøksenter. Samla sett vart det i 1998 teke inn om lag 145 mill. kroner for  
å finansiere denne verksemda. Midlane kan ikkje nyttast til investeringstiltak.  
Som ein del av monopolkontrollen gir selskapa årlege rekneskaps- og aktivi-  
tetsrapportar om lovpålagt enøk til NVE.

Selskapa er av styresmaktene oppmoda til å overlata arbeidet med lovpå-  
lagt enøk til regionale enøksenter (RS), men er ikkje pålagt dette. NVE har  
normalt inngått treårige avtaler om status som RS. Det er oppretta i alt 20 RSar  
med om lag 200 tilsette. RSane er organisert som aksjeselskap, og er i hovud-  
sak eigde av distribusjonsselskapa. I 1998 vart om lag 70 pst. av den lovpålagte  
aktiviteten utført av RSane, og resten av distribusjonsselskapa sjølve.

#### 3.3.2.1 Departementet sitt syn

Organiseringa av den lovpålagte enøkverksemda er fragmentert og ressurs-  
krevjande. Det er mange aktørar (distribusjonsselskap, regionale senter og  
NVE), med ulike roller. Dette fører til store variasjonar i korleis distribusjons-  
selskapa følgjer opp det ansvaret dei er pålagde, og kva slag enøktilbod dei gir  
sluttbrukarane. Det finst heller inga god oversikt over dei aktivitetane som er  
sette i gang, sidan distribusjonsselskapa si årlege rapportering til NVE om lov-  
pålagt enøkverksemd i mange tilfelle er mangelfull.

Energilova avgrensar lovpålagt enøk til nøytral informasjon og vegleiing  
innanfor konsesjonsområdet. Avgrensinga er snever både med tanke på val av  
tiltak og geografisk område der midlane kan nyttast. Dette gir liten fleksibilitet  
og hemmar ein effektiv bruk av midlane. I tillegg kan det vere fare for kryss-  
subsidiering av annan forretningsverksemd i RS eller distribusjonsselskap.

Incentiva til distribusjonsselskapa for lovpålagt enøk må sjåast i saman-  
heng med innføringa av energilova og reguleringa av inntektsrammene. Dette  
har medført at merksemda om effektiv overføring av kraft og forretningsvis  
drift i distribusjonsselskapa har auka. Reguleringa av inntektsrammene set ei  
øvre tillaten grense for inntekta til distribusjonsselskapa. Inntektsramma  
aukar med halvparten av den prosentvise auken i levert mengd energi. Auka  
volum på omsetnaden medfører at den tillatne inntekta til distribusjonssel-  
skapa aukar, og distribusjonsselskapa kan dermed ofte mangle incentiv til den  
enøkverksemda dei er pålagde.

Den interessa distribusjonsselskapa har for forbruksretta tiltak er i dag primært knytt til situasjonar der tiltak gir grunnlag for å utsetje investeringar i nettet. Slike situasjonar må likevel ofte løysast med meir spesifikke forbruksretta tiltak som fell utanfor lovpålagt enøk.

Lovpålagt enøk er på sida av kjerneverksemda i distribusjonsselskapa. Ei ordning prega av motstridande økonomiske incentiv, fragmentert organisering, mangel på fleksibilitet i bruken av midlar og problem knytt til å etterprøve resultat, er uheldig. Desse tilhøva gjer det naturleg å sjå på nye organisatoriske løysingar slik at det kan etablerast ei klarare ansvarsdeling og ei meir heilskapleg forvaltning av slike midlar.

### 3.4 Organiseringa i andre land

---

I arbeidet med omlegging av energisektoren har departementet sett på organiseringa i land det er naturleg å samanlikne seg med. Eit fellestrekk er at tilskotsforvaltning og pådrivarrolle ikkje er handterte av organ som også gir konsesjonar eller byggjeløyve til energianlegg. Det vanlege er at konsesjonar og byggjeløyve blir handterte av andre statlege institusjonar eller av ei forvaltning på lægre nivå. I så måte skil NVE si verksemd seg frå korleis dette er organisert i andre land. Ei anna tendens er å etablere verksemdar som har vide fullmakter og som kan operere nærare marknaden.

Departementet har sett på korleis tilskotsforvaltninga innan energiområdet er organisert i Nederland. Det statlege selskapet Novem får midlar frå ulike departement slik at dei kan støtte program og prosjekt innan miljø, energieffektivisering og introduksjon av nye fornybare energikjelder. Novem profilerer seg som eit målretta, ikkje-kommersielt, effektivt og innovativt organ som skal vere eit bindeledd mellom styresmakter og marknad. På grunn av sin kompetanse blir Novem på sitt område òg nytta som rådgivar overfor nederlandske styresmakter.

I Sverige vedtok Regjeringa i 1997 å etablere ei sentral forvaltningsstyresmakt for spørsmål om bruk og tilførsle av energi. Statens energimyndighet (STEM) er lagt under Næringsdepartementet. Grunngevinga for opprettinga var behovet for å tydeleggjere og forsterke styresmaktfunksjonane på energiområdet. STEM si verksemd er prega av omfattande samhandling med andre aktørar innafor energiområdet, både nasjonalt og internasjonalt.

I Spania har styresmaktene fokusert på å leggje til rette for nye energimarknader. Statsselskapet IDAE vart etablert i 1986 og har m.a. utvikla ein eigen strategiplan for å skape marknader for ulike energiprodukt. IDAE si marknadsfostring har til dømes medverka til utviklinga av ein kommersiell vindkraftmarknad i Spania.

Departementet har også sett på organiseringa innan energisektoren i Storbritannia. Spesielt er bruken av fond interessant. Energy Saving Trust (EST) støttar ulike prosjekt for energieffektivitet hos britiske forbrukarar. EST blir finansiert gjennom midlar frå Departementet for miljø, transport og regionar (DETR) og midlar frå offentlege elektrisitetselskap. Det nye Carbon Trust, som også skal liggje under DETR, er eit anna eksempel. The Carbon Trust skal hente sine inntekter frå ein ny klimaskatt og er organisert som eit non-profit selskap i privat sektor. Selskapet skal leiast av næringslivet sjølv og skal

Om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

få næringslivet til å vere meir merksam på framtidige klimamålsetjingar. Selskapet skal m.a. gjennom samfinansiering av prosjekt medverke til at næringslivet aukar investeringane i klimavennleg teknologi. Det blir sett konkrete mål for verksemda på både på kort, mellomlang og lang sikt. Det nye selskapet er planlagt å vere operativ frå april 2001.

## 4 Departementet sitt forslag - ny finansieringsmodell og omorganisering av verksemda

### 4.1 Formålet med omorganiseringa

---

Departementet sitt forslag til ny finansieringsmodell og omorganisering av arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon må sjåast på bakgrunn av nye rammer for utviklinga i energisektoren, nye mål for omlegging av energisektoren, og dei erfaringane som er gjort sidan den organiseringa vi har i dag vart etablert i kjølvatnet av energilova, jf. kap. 3.1-3.3. Hovudtrekka i forslaget er òg i tråd med kva ein ser internasjonalt når det gjeld organisering av slikt energiarbeid, jf. kap. 3.4.

Formålet med omorganiseringa og ny finansieringsmodell er å leggje til rette for ei meir slagkraftig og effektiv omlegging av energibruk og energiproduksjon. Gjennom å samle verksemda under ein institusjon, ønskjer departementet å etablere ei klarere ansvars- og rollefordeling i omleggingsarbeidet. Departementet si rolle vil vere å setje konkrete resultatmål for verksemda på bakgrunn av dei langsiktige energipolitiske måla, og deretter følgje opp resultatene. Verksemda skal finne praktiske løysingar og forvalte fondsmidlane på ein slik måte at måla blir nådd. Aktørar i marknaden skal utføre konkrete oppdrag på vegner av den nye institusjonen. Ved å leggje til rette for auka konkurranse og ved å leggje vekt på riktige incentiv i alle ledd, ønskjer departementet å stimulere til meir kostnadseffektive løysingar. Den nye finansieringsmodellen gjer at omleggingsarbeidet får meir stabile finansielle rammer som gir grunnlag for langsiktige satsingar. Ei sikker finansiering er samtidig eit vilkår for å kunne etablere ei ny statleg verksemd for arbeidet med omlegginga.

### 4.2 Ny finansieringsmodell

---

#### 4.2.1 Fondet si inntektsside

Departementet føreslo i høyringsbrevet av 28. juni 2000 at det påslaget som er i overføringstariffen blir gjort obligatorisk, og at midlane blir overførde til eit sentralt energifond. Departementet la opp til å vidareføre dagens nivå på 0,3 øre per kWh og nytte det same grunnlaget for påslaget som i dag. I tillegg vart det føreslått at løyvingane over statsbudsjettet til omlegging av energibruk og energiproduksjon skal overførast til fondet.

##### 4.2.1.1 Høyringsinstansane sitt syn

Fleirtalet av høyringsinstansane støttar at det påslaget i tariffen som er i dag blir gjort obligatorisk og at midlane blir overførde til eit fond. Blant desse er: MD, AAD, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Konkurransetilsynet, Ife, Ofé, Kan-Energi, Norges Naturvernforbund, Natur og Ungdom, LO, LO Industri, Stiftelsen Vekst, Kjelforeningen Norsk Energi, Landsdelsutvalet, Agderrådet, Byrådet

Om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

*Bergen Kommune, Hordaland fylkeskommune, Forskningsrådet, Den norske advokatforening, KS, Norges Bondelag, Fres, NBBL, Norsk solenergiforening, Norsk Fjernvarmeforening, NORSKOG, NoBio, NOVAP, NSB eiendom, Storebrand, Entro Energi AS, Fredrikstad EnergiTjenester AS, STEA, og NTNU.*

Frå MDsin høyringsuttale refererer vi:

«Vi støtter forslaget om å gjøre enøk-påslaget obligatorisk, og at det nye organet overtar det formelle ansvaret som nettselskapene nå har i forbindelse med lovpålagt enøk-virksomhet. Dette vil bidra til en mer helhetlig satsing innanfor det nasjonale enøk-arbeidet. Modellen med fristilling fra energiselskapene virker også fornuftig for å nå målene knyttet til økt energiproduksjon basert på fornybare energikilder.»

Statnett tek ikkje direkte stilling til korleis arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon bør drivast, men signaliserer likevel:

«Statnett vil imidlertid benytte anledningen til å påpeke det lite Enøk-vennlige prinsippet som dagens inntektsramme (for nettselskapene) baserer seg på: Økt energiforbruk er det eneste som fører til økt inntekt for selskapene. Dette gir jo ingen incentiver til å bidra positivt i Enøk-arbeidet.»

Fleire høyringsinstansar fremjar i tillegg forslag om utvida grunnlag for påslaget. Blant desse er: *Ofe, IFE, KanEnergi, NTNU, STEA, Norsk Fjernvarmeforening og Nobio*. Frå Ofesin høyringsuttale refererer vi:

«Det er nevnt at dagens sats er det man tenker seg videreført med 0,3 øre/kWh. Totalt blir dette ca 200 mill. kroner. I følge Faktaheftet 2000 var netto stasjonært forbruk av elektrisk energi i 1998 108,4 TWh, eller 65 prosent av den totale stasjonære energibruken. Med et elforbruk på 108,4 TWh x 0,3 øre/kWh blir dette 325 mill. kr. Vi mener at hele den elektriske energibruken skal være med i beregningsgrunnlaget for dette påslaget til overføringstariffen.»

Storleiken på påslaget blir også kommentert av enkelte høyringsinstansar. *Fresskriv*:

«Påslaget på nettleien utgjør en viktig del av inntektene til et nasjonalt energifond. Fres mener at størrelsen på påslaget må justeres ut over 0,3 øre/kWh og anbefaler en gradvis heving i kommande år.»

Fleire høyringsinstansar går inn for at annan stasjonær energibruk også må medverke til fondet. Ein del grunngir dette med faren for konkurransevridande effekt mellom elektrisitet og andre energibærarar. Dette gjeld *Enfo, SFO og EVL*. Andre er opptekne av at inntektene til fondet kan aukast ved å inkludere stasjonær energibruk. Dette blir spesielt framheva av *Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Norsk fjernvarmeforening, Ofte, Nobio og Fres*. Frå *NoBio* sin høyringsuttale refererer vi:

«Når distribusjonsselskapene nå mister sitt lovpålagte enøk-krav, er det ikke lenger naturleg at enøk-påslaget kun belastes overføringstariffen for elektrisitet. Loven bør samtidig endres slik at det også legges et enøk-påslag på 0,3 øre/kWh på fossil energi (tilsvarer 3 øre/liter olje).»

Eit samla syn om auka sats og ei utviding av grunnlaget til annan stasjonær energi blir spesielt framheva av *Ofe, IFE, KanEnergi, STEA og NTNU*. Grunn-

givingane byggjer på behov for meir pengar til omlegginga og at det er rettferdig at alle energisektorar betaler det samme. *Ofe* konkluderer med at:

«Dersom all energibruk basert på elektrisk energi og olje skal ha same grunnlag som bidrag til omleggingen, vil dette bli 400 mill. kroner per år. Dette er dobbelt så mye som det departementet foreslår, og vi mener dette vil gi et viktig løft for omleggingen og innfasing av nye fornybare frem mot 2010.»

Nokre høyringsinstansar går imot at omleggingsarbeidet skal finansierast over tariffen og meiner at finansieringa i staden skal skje over statsbudsjettet. Dette gjeld *NHO, Norsk Petroleumsinstitutt, EVLog* *PIL*. Frå *NHO*sin høyringsuttale refererer vi:

«*NHO* mener at enøk-innsats bør finansieres på linje med andre samfunnsmessige oppgaver over det ordinære statsbudsjettet. *NHO* kan derfor ikke støtte ordningen med en øremerket finansiering ved energiavgifter tilsvarende 0,3 øre/kWh.»

*PIL* og *Hydro Energi* omtalar forslaget som om det også skal omfatte industrien. Frå *PIL* sin høyringsuttale refererer vi følgjande:

«Et annet tilleggsmoment for industrien og andre brukere av nettet er konkurransevridningen en slik finansieringsordning skaper i forhold til konkurrentland. Det er i dag et sterkt press på å velte store deler av kostnadene for bruk av nettet over på forbrukerne. Et obligatorisk påslag på nettatariffen vil forverre konkurranseevnen ytterligere.»

#### 4.2.1.2 Departementet si vurdering

Departementet går inn for at det blir gitt heimel til å vedta at omsetningskonsesjonær som tarifferer nettenester skal leggje eit påslag i tariffen for uttak av elektrisk energi til sluttforbruk i nettet. Påslaget blir overført som bidrag til eit energifond.

Departementet vil understreke at ein ny finansieringsmodell i første rekkje fokuserer på korleis den finansielle ramma kan bli meir stabil, samtidig som ein sikrar betre og meir effektiv bruk av midlane. Stabile rammer skal òg leggje grunnlaget for ei meir langsiktig involvering frå næringsliv og energibrukarar. Ved å vidareføre bidraget over tariffen og dei statlege løyvingane som er i dag, vil fondet få inntekter i samsvar med den finansielle ramma på 5 mrd. kroner over 10 år, jf. Innst. S. nr. 122 (1999-2000).

Med dette som utgangspunkt legg departementet opp til å vidareføre det grunnlag og satsnivå for påslaget som er i dag. Dette inneber at alle sluttforbrukarar i distribusjonsnettet skal betale påslaget, og at satsen er på 0,3 øre per kWh. I høve til i dag inneber dette at heile potensialet på distribusjonsnivået blir utløyst, og at konsesjonar frå før 1991 blir innlemma i ordninga. Det samla årlege bidraget vil då kunne auke frå om lag 145 mill. kroner i dag til om lag 200 mill. kroner. Eit påslag på 0,3 øre per kWh inneber elles eit årleg tilskot til omlegging av energibruk og energiproduksjon på om lag 60 kroner frå eit hushald med forbruk på 20.000 kWh per år.

Departementet vil i føresegn fastsetje nærare detaljar for ordninga, under dette storleiken på påslaget og grunnlaget for utrekning av påslaget. Det vil bli lagt vekt på å oppnå eit stabilt, oversiktleig og kostnadseffektivt system for inn-



krevjing, som også tek omsyn til målet om effektiv utnytting av overføringsnettet i tariffinga. Det blir i denne samanhengen vist til at departementet også har ansvaret for utforminga av tariffsystemet i dag. I tillegg til innbetalingane frå distribusjonsselskapa blir det lagt opp til årlege overføringar til fondet frå statsbudsjettet.

En organisering av inn- og utbetalingane ved hjelp av eit fond, er valt for å få til ei fleksibel og effektiv forvaltning av midlane. Ordninga medfører at påslaget i overføringstariffen blir plassert i energifondet og at løyvingane over statsbudsjettet blir gitt som ei nettoløyving under utgiftspost 50 til fondet. Departementet vil komme tilbake med forslag om å gjere om statlege løyvingar til ei nettoløyving når budsjettkonsekvensar blir framlagde for Stortinget. Fondet sine midlar blir plasserte som kontolån i statskassen og får godskrive renter.

Departementet har ikkje vurdert å utvide innbetalinga til fondet til også å omfatte anna stasjonært energiforbruk. Departementet meiner i utgangspunktet at eksisterande skatte- og avgiftssystem vil kunne ivareta eventuelle konkurransevridande effektar mellom ulike energiberarar.

#### 4.2.2 Fondet sitt bruksområde

Departementet føreslo i høyringsbrevet at Olje- og energidepartementet skal ha det overordna ansvaret for forvaltninga av fondet. Departementet si styring av fondet ville bestå i å setje overordna mål, og å kontrollere resultatane.

Departementet føreslo også at midlane i fondet skal gå til både produksjonsretta og forbruksretta tiltak som stimulerer til den langsiktige omlegginga av energisektoren. Konkret skulle midlane gå til å nå mål innan vindkraft, miljøvennleg varmetilgang og forbruksreduksjon.

##### 4.2.2.1 Høyringsinstansane sitt syn

Ingen høyringsinstansar har uttalt seg imot at Olje- og energidepartementet skal ha det overordna ansvaret for fondet. Fleire høyringsinstansar har likevel uttrykt eit ønske om eit samarbeid med miljøstyresmaktene når det gjeld bruken av fondsmidlane.

Fondet sitt bruksområde følgjer av dei overordna energipolitiske måla. *EVLog* *SSB* uttrykkjer i generelle termar motstand mot desse måla og at det skal eksistere spesifikke verkemiddel for at dei skal nåast. Desse føreset at marknadsgenererte prisar vil stimulere til rett nivå på omlegginga og at offentlig inngrep ikkje er påkravd. Frå *SSB* sin høyringsuttale refererer vi:

«Etter vår oppfatning vil lønnsomme enøktiltak i stor grad bli iverksatt når elektrisitetsprisene gjør slike tiltak lønnsome.»

Elles har få høyringsinstansar stilt spørsmål ved måla. Enkelte har likevel vore kritiske til at energifondet skal nyttast til naturgass. Frå høyringsuttalen til *Naturvernforbundet* og *Natur og Ungdom* refererer vi:

«Organisasjonene går klart mot bruken av offentlige subsidier og støtte i noen som helst form for å bygge ut infrastruktur med det formål å øke bruken av naturgass i Norge.»

NTNU stiller spørsmål om midlane i fondet skal nyttast til introduksjon av gass direkte hos sluttbrukar med tanke på å erstatte elektrisitet eller fyringsolje til oppvarmingsformål, eller til å omfatte også produksjon av elektrisitet i gasskraftverk. LO Industriettterspør på si side ei aktiv næringsutvikling med gass som innsatsfaktor i tida som kjem.

NORSKOG peiker på at fondet vil forvalte store beløp og dei tek derfor til orde for å evaluere fondet sin bruk av midlar etter ein femårsperiode. Frestek også til orde for ei jamleg evaluering av bruken av midlane.

#### 4.2.2.2 Departementet si vurdering

Departementet går inn for at det overordna ansvaret for forvaltninga av fondet skal leggjast til Olje- og energidepartementet. Departementet si oppgåve blir å setje overordna mål og vurdere resultata for verksemda. I dette arbeidet vil det vere naturleg å ha ein god dialog med MD og andre departement.

I spørsmål som er tekne opp av SSB og EVL om kor vidt det bør eksistere spesielle energipolitiske mål og verkemiddel, viser departementet til Innst. S. nr. 122 (1999-2000), der eit fleirtal i Stortinget har uttalt seg om kva slag foringar som skal gjelde for norsk energipolitikk. Elles er departementet i utgangspunktet samd med SSB i at ulike tiltak som vil redusere forbruket vil tre i kraft når elprisane tilseier at dei er lønnsame. Departementet legg også til grunn at kraftmarknaden skal ha ei viktig rolle i omlegginga, men departementet ønskjer å påverke marknaden slik at tiltak kan setjast i verk raskare enn kva marknadsutviklinga tillet åleine. Ei omlegging som berre er basert på marknaden, kan ha uheldige verknader for miljøet, ha sosiale ulemper, og redusere tryggleiken i forsyninga. Dette heng m.a. saman med at verkemiddel som miljøavgifter og utsleppskvotar ikkje er så utvikla at dei tek vare på alle miljøverknadene av energiproduksjon. Ei rein marknadslysing kan òg gi stor prisauke i løpet av kort tid fordi det tek tid å endre produksjonsteknikk og forbruksmønster. Ved å vere i forkant av marknadsutviklinga kan omstillinga gå lettare.

Departementet er ikkje samd med Naturvernforbundet og Natur og Ungdom i at midlane i fondet ikkje kan gå til å auke bruken av naturgass i Noreg. Naturgass har ein naturleg plass i ei heilskapleg og framtidretta omlegging av energisektoren, jf. Innst. S. nr. 122 (1999-2000) der fleirtalet ønskjer auka innanlands bruk av naturgass. Departementet er oppteke av å sikre ei robust og fleksibel energiforsyning, og at fondsmidlane blir brukte på ein effektiv måte. Det føreset at ulike energikjelder blir vurderte opp mot kvarandre slik at det best eigna alternativet, ut frå lokale tilhøve, miljø og samfunnsøkonomi, blir valt i kvar enkelt situasjon. Satsinga på naturgass bør derfor sjåast i samheng med alternative tiltak. Departementet ønskjer å presisere at fondsmidlar til naturgass for energiformål vil utgjere ein avgrensa del av fondet sin samla ressursbruk. Fondsmidlane skal ikkje brukast til å støtte produksjon av elektrisitet basert på naturgass.

Departementet går inn for at midlane kan brukast til prosjektretta tiltak som kjøp av tenester, utbetaling av tilskot og finansiering av andre verkemiddel innanfor områda forbruk, miljøvennleg varme, vind og naturgass. Generell informasjons- og opplæringsverksemd skal også finansierast over fondet. Rammer for bruken av fondsmidlane vil bli nedfelte i forskrifta til energilova

og blir nærare spesifiserte i vedtektene for verksemda. I dette arbeidet skal det også takast omsyn til EØS-reglar om statsstøtte, og EU sine nye retningsliner for miljøstøtte.

Departementet vil på bakgrunn av dei langsiktige energipolitiske måla og innanfor rammene av vedtektene setje konkrete, men overordna mål for energifondet. Departementet vil orientere Stortinget om desse måla, og skal kvart 3.-5. år gi ein samla gjennomgang til Stortinget om resultata av bruken av fondsmidlane. Ved dette høve vil dei overordna måla for energifondet eventuelt kunne justerast. Det må i tillegg utarbeidast tildelingsbrev for årlege løyvingar over statsbudsjettet. Det skal kvart år, i samband med statsbudsjettet, rapporterast til Stortinget om bruk av slike løyvingar.

Departementet er dermed samd med NORSKOG og Fres i at det er viktig å evaluere fondet sin bruk av midlar. Dette vil vere ei viktig oppgåve for departementet og eit element i styringa og oppfølginga av organet.

### 4.3 Oppretting av ei ny verksemd

---

Departementet føreslo i høyringsbrevet å opprette eit nytt statleg organ for å gi meir tyngd og fokus på arbeidet med omlegginga av energibruk og energiproduksjon. Det nye organet skulle overta det arbeid og ansvar som i dag er delt mellom NVE og distribusjonsselskapa. Organet skulle òg stå for den operative forvaltninga av energifondet. I tillegg vart det føreslått at organet også skulle forvalte eventuelle særskilde løyvingar knytt til konkrete formål. Arbeidet med generelle rammevilkår og utforming av regelverk som legg tilhøva til rette for omlegginga, skulle framleis liggje i departementet. Departementet ville vidare vurdere og etablere eit styre for den nye verksemda. Organet skulle også ha rammer som gir godt nok grunnlag for å rekruttere personell med nødvendig kompetanse. Det vart vidare føreslått at organet skulle leggje til rette for eit lokalt tilbod av informasjons- og rådgivingstenester.

#### 4.3.1 Høyringsinstansane sitt syn

Det store fleirtalet av høyringsinstansane er positive til å opprette eit nytt organ for omlegging av energibruk og energiproduksjon. Av dei som klart uttrykkjer støtte finn vi *AAD, MD, Konkurransetilsynet, Fylkesmannen i Vest-Agder, Fylkesmannen i Hedmark, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Fylkesmannen i Oslo og Akershus, Landsdelsutvalet, Agderrådet, Sørlandets Teknologiforum, Byrådet Bergen Kommune, Hordaland fylkeskommune, PIL, Norsk Petroleumsinstitutt, NHO, LO Industri, Den norske advokatforening, Ife, Ofte, Kan-Energi, Norges Naturvernforbund, Natur og Ungdom, Stiftelsen Vekst, Kjelforeningen Norsk Energi, Norges Bondelag, Forskingsrådet, Fres, Norsk solenergiforening, Storebrand, NSB eiendom, Entro Energi AS, NORSKOG, STEA, Norsk fjernvarmeforening, NOVAP, Nobio, KS, Fredrikstad Energi Tjenester AS, Samarbeidande kraftfylke, NBBL, Sintef Energiforskning og NTNU. Frå NTNU sin høyringsuttale refererer vi:*

«NTNU ser positivt på forslaget om å opprette et nytt sentralt organ for omlegging av energibruk og energiproduksjon, og at det lovpålagte enøkarbeidet som i dag gjøres av distribusjonsselskapene på lokalt plan, blir opphevet. Likeledes synes det riktig at den virksomhet som i dag drives av NVE, blir overført til det nye organet. Dette kan etter vår

mening bidra til en mer helhetlig og samordnet prioritering av virkemidler og prosjekter sett ut i fra et nasjonalt perspektiv.»

Frå *Ofesin* høyringsuttale refererer vi:

«Etter vår oppfatning må organet hilses som en nødvendig og velkommen herre i de i dag herreløse tilstander.»

Frå *PILsin* høyringsuttale refererer vi:

«PIL har lenge etterlyst en mer helhetlig og kostnadseffektiv enøkpolitikk. Dagens bruk av virkemidler er splittet opp på altfor mange deltakere og NVEs forvaltning av de statlige midlene er bundet opp i tids- og kostnadskrevende byråkratiske systemer. PIL støtter derfor Regjeringens forslag til en omlegging, der en samler aktivitetene i et eget organ som fristilles fra direktoratsmodellen.»

*EVL* meiner at enøkaktiviteten må gjerast mest mogeleg kommersiell og er av denne grunn skeptisk til å etablere eit nytt byråkrati som skal handtere kommersiell aktivitet. *NELFO* meiner at det ikkje er presentert eit opplegg som kan forsvare eit nytt organ. *SSB* høyrer også med blant dei som er tvilande til at eit nytt statleg organ er nødvendig.

Tidshorisonen for organet blir drøfta av nokre av høyringsinstansane. *NHO* og *Norsk Petroleumsinstitutt* vil at organet skal ha ei levetid på 8 år. *Enfo* meiner at organet ikkje bør vere permanent og grunngir det med at omgrepet omlegging er ein prosess av mellombels karakter.

Ingen høyringsinstansar har uttalt seg imot å opprette eit styre for det nye organet. Fleire høyringsinstansar har derimot teke opp forhold rundt etableringa av eit styre. *NELFO* meiner at samansetjinga av styret skal ta omsyn til balansen mellom interessentane i energimarknaden. *Enfo* vil ha solid representasjon frå bransjen i styret. Fleire høyringsinstansar signaliserer at dei ønskjer å sitje i styret. Blant desse er *Enfo*, *PIL*, *Kjelforeningen Norsk energi* og *NORSKOG*.

*NTNU* peikar i sin uttale på at eit styre kan medverke til at det nye organet i stor grad kan tenkje nytt, slik at dei aktivitetane som er i dag ikkje automatisk blir førte vidare. Dei meiner det er viktig å unngå styremedlemmer som har økonomiske eigeninteresser knytt til dei avgjerder styret fattar og dei retningslinjer det legg fram.

Forhold kring rekruttering av rett personell er kommentert av fleire høyringsinstansar. *KanEnergi* meiner det må fokuserast på kompetanse innan strategiutvikling, styring og kommunikasjon i det nye organet. *Konkurransetilsynet* understrekar òg behovet for høg kompetanse og skriv:

«Organet vil få betydelig midler til rådighet, og hvorvidt disse utnyttes effektivt vil avhenge bl.a. av at organet har høy kompetanse både innenfor fagområdet og som innkjøper av tjenester. Som tilrettelegger for anbuds- og tilbudskonkurranser fordres kunnskap om hvordan ulik organisering av anbuds- og tilbudskonkurranser påvirker konkurransen mellom deltakerne.»

Verdien av at organet som hovudregel skal arbeide nær marknaden, blir understreka av fleire høyringsinstansar. Spesielt *NHO* og *Norsk Petroleumsinstitutt* argumenterer for at organet må spele på lag med marknadskreftene. Frå *Norsk Petroleumsinstitutt* refererer vi:

«Organet bør ha som viktigste oppgave å tilrettelegge i markedet slik at markedet selv gjennomfører samfunnsøkonomisk riktig omfang av enøktiltak og investeringer i nye fornybare energikilder. Viktige satsingsområder blir da å gi fødselshjelp til firmaer som tilbyr enøktjenester og utvikling av teknologi, samt sertifiseringsordninger for fornybar energiproduksjon og lignende.»

Sjølvs om *NELFO* er imot å opprette eit nytt organ slår dei likevel fast at:

«Dersom et nytt organ skulle bli opprettet, må ansvaret for like konkurransebetingelser i markedet prioriteres, samt analyse av energimessige sammenhenger og utforskning av virkemidler. Økonomisk støtte fra et nytt organ må rettes inn mot eventuelle tiltak som lønner seg for samfunnet, men som ellers ikke ville blitt realisert i markedet uten støtte.»

Enkelte høyringspartar tek til orde for at det er viktig å byggje vidare på eksisterande kompetansemiljø. Frå *Ifesin* høyringsuttale refererer vi:

«Det er i Norge gjennom mange år blitt bygget opp betydelige kompetanse i flere miljøer på fagområdene enøk og nye fornybare energikilder. Etter instituttets oppfatning er det viktig at det nye organet benytter seg av denne kompetansen og legger til rett for en stimulerende konkurranse mellom eksisterende og nye fagmiljøer. På denne måten vil man sikre at nye ideer og ny kunnskap får tilstrekkelig spillerom.»

Fleire høyringsinstansar er opptekne av at arbeid knytt til informasjons- og rådgiving blir vidareført under ei ny organisering. I denne samanhengen er spesielt dei regionale enøksentra (RS) si rolle kommentert. *Konkurransetilsynet* argumenterer for at RSane må konkurrere om oppdrag på lik linje med andre. Frå *Konkurransetilsynets* høyringsbrev refererer vi:

«Vi tror at økt konkurranse vil legge til rette for utviklingen av kommersielle markeder og økt effektivitet i produksjon og varer og tjenester innenfor nye fornybare energikilder og energibruk. Økt konkurranse vil også kunne oppstå med hensyn til lokale enøkprosjekter ved at flere aktører gis mulighet til å konkurrere om oppdragene. Det forutsettes at forslaget vil innebære at RSene må konkurrere på lik linje med andre aktører om disse prosjektene.»

*NOVAP* meiner at RSane har vore ein viktig faktor i det lokale/regionale enøkarbeidet, og at det bør vere plass for desse i åra som kjem. *LO* held fram at sentra gjennom kjennskap til lokale forhold vil vere best eigna til å dra i gang den praktiske enøkverksemda. *LO* skriv vidare:

«I sentrene er det utviklet kompetanse som det er viktig å ta vare på. Enøk-arbeid krever først og fremst kompetanse, og for oppbygging av og vedlikehold av slik kompetanse er det viktig å bygge opp et solid fundament. Kortidskontrakter er ikke effektivt når det gjelder å optimalisere kompetanseoppbyggingen. *LO* ønsker at de regionale enøksentrene sin plass beskrives mer konkret, og vil foreslå at disse sentrene blir regionale kontor for forvaltning av det nye fondet.»

*Agderrådet* argumenterer for fem regionkontor under organet. *Landsdelsutvallet* meiner det er viktig at det nasjonale organet har ein struktur som tek

omsyn til regional ulikskap. Konkret føreslår *Landsdelsutvalet* at det blir etablert fem til sju regionale einingar.

*Entro Energi, NSB Eiendom* og *Storebrand* ønskjer at organet si rolle som rådgivar overfor departementet blir gjort tydelegare. *Ofe* tek opp spørsmålet om grenseflater mellom NVE og det nye organet og er spesielt opptekne av kven som skal ha kompetanse på normative verkemiddel. *Forskningsrådet* ønskjer eit tett samarbeid med det nye organet. *Entro Energi, NSB Eiendom, Storebrand, Ife, Forskningsrådet, Fres, KS, KanEnergi, NTNU, PIL* og *NHO* tek til orde for auka samarbeid med miljøstyresmaktene. Frå *NHO* sin høyringsuttale refererer vi:

«Selv om organet underlegges Olje- og energidepartementet, bør utarbeidelse av mandat og retningslinjer for organet skje i samarbeid mellom energi- og miljømyndighetene.»

Frå høyringsuttalen til *KS* refererer vi:

«Energipolitikk er i dag også miljøpolitikk og organet bør derfor ha en miljøpolitisk forankring og samarbeide med miljømyndighetene.»

#### 4.3.2 Departementet si vurdering

Fleirtalet i Innst. S. nr. 122 (1999-2000) går inn for ei omorganisering i tråd med hovudtrekka i forslaget, jf. kap. 3.2. Departementet viser elles spesielt til den fragmenterte organiseringa i dag og behovet for ein meir kostnadseffektiv og målretta aktivitet, jf. kap. 3.3.1. og kap. 3.3.2.

Departementet meiner ei samling av verksemda i ein institusjon vil leggje til rette for at konkrete mål blir nådde på ein effektiv måte. Det er viktig for departementet å presisere at den nye institusjonen ikkje vil vere ein enøkinstitusjon, men ein energiinstitusjon. I dette ligg det at fondsmidlane både skal gå til å avgrense energibruk, gjere oss mindre avhengige av elektrisitet og auke tilgangen på ny miljøvennleg energiproduksjon. Departementet vil i vedtektenes klargjere formål og arbeidsform nærare.

Departementet tek i utgangspunktet sikte på at den nye institusjonen skal ha 20-30 tilsette. Departementet ser ikkje på dette som eit stort byråkrati, spesielt ikkje sett i forhold til storleiken på dei midlane som skal forvaltaast og dei oppgåvene som skal utførast.

Departementet er samd med Enfo i at omlegging er ein prosess av mellombels karakter. Omleggingsarbeidet vil likevel bli påverka av ytre rammevilkår som auka energiprisar, internasjonale miljøavtaler eller nye politiske mål. Departementet finn det derfor ikkje rett å tidsavgrense institusjonen ved etableringa, men er samd med NHO og Norsk Petroleumsinstitutt i at verksemda må evaluerast med jamne mellomrom. Det blir elles vist til kap. 4.2.2.2.

Departementet går inn for at det blir etablert eit styre for den nye institusjonen. Departementet er samd med NTNU i at det er viktig å unngå at styremedlemmer har eigeninteresser knytt til institusjonen sitt arbeid. Departementet meiner òg at styret ikkje skal reflektere ulike interesser i energisektoren, men skal rekrutterast på grunnlag av best tilgjengeleg og føremålstenleg kompetanse til styringa av verksemda. Departementet er dermed usamd med NELFO og Enfo som ønskjer eit styre av representantar frå ulike bransjar.

Departementet viser her til at erfaringar frå styrefunksjonar i offentleg verksemd har vore opphav til ei rekkje utgreiingar. Erfaringane tilseier at ein ikkje må gjere styret til arena for diskusjon mellom interessegrupper av fagleg, kommersiell eller politisk karakter. Eit fagleg profesjonelt styre som innrettar verksemda slik at måla som er sette av departementet kan nåast, er samtidig den beste garanti for at institusjonen kan spele ei sjølvstendig rolle. Departementet vil då kunne tildele styret vide fullmakter og reelle og formelle styringsrettar innanfor sitt ansvarsområde.

For å lukkast med oppgåvene sine må den nye institusjonen ha både fagleg tyngd og integritet. Departementet deler synspunkta til KanEnergi og Konkurransetilsynet om at høg kompetanse innan relevante fagområde vil vere ein avgjerande faktor for kor vellukka omorganiseringa blir. Institusjonen vil måtte konkurrere om røynde medarbeidarar i den same arbeidsmarknaden som privat sektor og må ha høve til å trekkje til seg og halde på kompetente medarbeidarar.

Departementet går inn for at fondet sine brutto utgifter og inntekter berre blir registrerte i institusjonen sin internrekneskap og ikkje i statsrekneskapen. Det blir òg lagt opp til å søkje Finansdepartementet om fritak frå å føre internrekneskap etter kontantprinsippet. Institusjonen får status som rekneskapsførar for fondsmidlane og rekneskapen blir revidert av Riksrevisjonen. Resultatansvar og rapportplikt vil bli presisert i årlege tildelingsbrev frå departementet. Administrative føringar vil bli fastsette av departementet i tildelingsbrevet. Rekneskap og årsmelding om verksemda blir oversende Olje- og energidepartementet.

Departementet vil velje den tilknytingsforma som er mest føremålstenleg i forhold til dei behov den nye verksemda har.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som meiner at den nye institusjonen skal operere nær marknaden. Nærleik til marknaden inneber m.a. auka fokus på prosjektforslag som vert fremja nedanfrå av aktørar i marknaden. Det skal elles vere ei prioritert oppgave å utforme verkemiddel som legg til rette for auka konkurranse. Auka konkurranse vil kunne medverke til ei langsiktig utvikling av ein kommersiell marknad med reduserte prisar på varer og tenester innanfor fagområda miljøvennlege energikjelder og energibruk. Dette vil igjen kunne leggje til rette for at dei energipolitiske måla blir nådde.

Departementet går inn for at den nye verksemda som hovudregel skal nytte eksterne aktørar, og ikkje sjølv utvikle seg til å bli ein utøvande institusjon. Aktuelle aktørar vil vere alle som kan utføre oppdrag innanfor institusjonen sine fagområde. Dette inneber at institusjonen sjølv skal kunne velje kva kompetansemiljø dei vil knytte kontakt med for å nå måla sine.

Omorganiseringa skal gi eit lyft for arbeidet med å avgrense energibruken. Kartlegging og gjennomføring av konkrete forbruksprosjekt med målbar effekt vil ha prioritet. Auka vektlegging på samarbeid med aktørar i marknaden, t.d. gjennom å leggje til rette for tredjepartsfinansiering, kan vere ein veg å gå. Men den nye institusjonen skal òg sikre at det viktige arbeidet med informasjon og rådgiving overfor forbrukarane blir ivareteke. Departementet går derfor inn for at institusjonen skal leggje til rette for eit landsdekkjande tilbod av informasjons- og rådgivingstenester.

Departementet ønskjer generelt gjennom omorganiseringa å etablere eit system med fridom under ansvar, der departementet legg rammene og set overordna mål, mens den nye verksemda på fagleg grunnlag sjølv avgjer korleis det operative arbeidet skal organiserast og kva slag verkemiddel som skal nyttast. Departementet vil på denne bakgrunn heller ikkje låse den nye institusjonen til ei bestemt løysing når det gjeld korleis det lokale informasjons- og rådgivingsbehovet skal dekkjast, eller kven som skal få oppdraget. Departementet deler her synspunkta til Konkurransetilsynet om at fleire aktørar må få høve til å konkurrere om oppdrag. Departementet ønskjer likevel å framheve at dei regionale enøksentra på bakgrunn av si erfaring og kompetanse vil ha eit godt utgangspunkt for å kunne konkurrere om dette og andre oppdrag.

På bakgrunn av den kompetanse og marknadsnære erfaring institusjonen vil ha gjennom fondsforvaltninga, er det òg naturleg at departementet rådfører seg med institusjonen også i spørsmål som går utover forvaltninga av midlar. Det blir her tenkt på råd knytt til normative tiltak, standardar og nærliggjande lover og forskrifter. Som eit ledd i kompetanseoppbygginga si vil institusjonen delta i internasjonale fora innanfor sitt fagfelt.

Departementet er samd med Ofe i at det må etablerast klare grenseflater mellom NVE og den nye institusjonen, og at ein bør unngå overlappende verksemd. NVE vil som konsesjonsstyresmakt og med ansvar for monopolkontroll og heilskapleg energiplanlegging, framleis forvalte overordna verkemiddel som inneber mykje for omlegging av energibruk og energiproduksjon. Generelt skal NVE i sine oppgåver som direktorat leggje vekt på å vurdere alternativ til elektrisitet når det gjeld produksjon, overføring og bruk av energi.

Departementet går inn for at dei spesifikke verkemidla og oppgåvene som NVE i dag har innanfor omlegginga av energisektoren, skal flyttast over til den nye verksemda. Bindande plikter under desse ordningane vil bli følgde opp. Institusjonen vil seinare kunne leggje om bruken av verkemiddel dersom dette blir vurdert som nødvendig for å nå fastsette mål.

Verksemda skal samarbeide med Forskringsrådet, SND og andre institusjonar med nærliggjande oppgåver.

Departementet er samd med dei høyringsinstansane som går inn for eit samarbeid med miljøvernstyresmaktene. Det er departementet sitt syn at all bruk av energi og produksjon av energi må innordnast internasjonale miljøplikter. Det er derfor naturleg at det blir teke omsyn til slike plikter når departementet skal fastsetje mål og retningslinjer for den nye institusjonen.

Samla sett vil den nye institusjonen sine oppgåver knytt til forvaltninga av midlar vere:

- utforme og tilretteleggje for tiltak som gir dokumenterte resultat innan omlegging av energibruk og energiproduksjon
- vere fødselshjelpar for nye marknader
- leggje rammer for den informasjons- og rådgivingsaktivitet som skal utførast lokalt og sentralt
- delta i internasjonale fora og gi råd til departementet innanfor sitt fagfelt

Den nye statlege verksemda skal lokaliserast i Trondheim og vil bli etablert medio 2001, jf. St. prp. nr. 1 (2000-2001). Oppgåver knytt til omlegginga av energibruk og energiproduksjon som i dag blir forvalta av NVE, vil gradvis kunne overførast i løpet av andre halvår 2001. Parallelt vil statlege løyvingar



Om lov om endringer i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

over kap. 1825 kunne overførast til fondet. Løyvingar som står att over statsbudsjetten for 2001 vil bli overførte til fondet ved utgangen av året. Fondet vil få tilført bidraget frå overføringstariffen frå 1.1.2002, og institusjonen skal vere fullt operativ frå samme dato.

## 5 Forslag til lovendringar

### 5.1 Oppheving av heimelen til lovpålagt enøk i energilova § 3-4 første ledd nr 5

---

Energilova § 3-4 første ledd nr 5 slår fast at det kan fastsetjast «vilkår om energiøkonomisering».

Lovføresegna er det rettslege grunnlag for gjeldande ordning med lovpålagt enøk som omtalt ovanfor i kap. 3.2.2. Departementet sitt forslag inneber at ordninga med lovpålagt enøk skal opphevast. Føresegna må difor endrast i samsvar med dette.

### 5.2 Ny § 4-4 om omlegging av energibruk og energiproduksjon

---

Departementet foreslår at det frivillige påslaget i tariffen til finansiering av arbeidet med informasjon og vegleiing om energiøkonomisering, som områdekonsesjonærene er pålagde av styresmaktene, kan gjerast obligatoriske og overførast til eit energifond.

Det blir føreslått å ta inn ein ny § 4-4 i energilova kapittel 4 om dette.

Forslaget til ny lovføresegn inneber at departementet kan avgjere at påslaget skal gjerast obligatorisk, og at det kan leggjast på alt uttak av elektrisk energi til sluttforbruk.

Det blir føreslått at innbetalinga av bidraget til energifondet må samordnast med dei oppgåver netteigaren har i høve til tariffing, måling og avrekning av forbruket.

Når det gjeld innhaldet av føresegna elles, blir det vist til merknadene til føresegna nedanfor under kap. 7.2.

## 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

### 6.1 Konsekvensar av ny finansieringsmodell og omorganisering av verksemda

---

Hovudformålet med forslaget til ny finansieringsmodell og omorganisering av arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon, er å leggje til rette for ei meir slagkraftig og effektiv omlegging. Grunnlaget skal leggjast gjennom ei klarere ansvars- og rollefordeling, fokus på konkrete resultat i forhold til overordna mål og auka vekt på konkurranse og rette incentiv. Stabile finansielle rammer skal gi høve til langsiktige satsingar.

Det er lagt til grunn at den nye verksemda skal lokalisert i Trondheim. Det vil i samband med dette tilkomme flytte- og etableringsutgifter. Desse utgiftene vil bli dekte innanfor gjeldande løyvingar på statsbudsjettet til omlegging av energibruk og energiproduksjon.

Forslaget til omorganisering vil ikkje innebere auka administrative kostnader for Olje- og energidepartementet. Utgifter i samband med etablering, og det vidare oppfølgingsarbeid, vil bli dekt innanfor departementet si budsjett-ramme.

Det er lagt til grunn at driftsutgiftene til institusjonen etter etableringa vil bli dekte av fondet sine midlar, og at departementet gir føringar for dette i tildelingsbrev.

Fylkeskommunale og kommunale budsjett blir ikkje påverka direkte av omlegginga, men vil kunne bli påverka indirekte i kraft av eigarskap til lokale og regionale nettselskap. Kommunane vil elles kunne spele ei viktig rolle som samarbeidspart i lokale prosjekt.

Forslaget medfører at den lovpålagte enøkverksemda i distribusjonsselskapa blir avvikla. Frå og med 1.1.2002 vil nettselskapa framleis stå for innkrevjinga av eit påslag på overføringstariffen, men påslaget skal betalast som bidrag til energifondet. Det er ikkje venta at forslaget vil påverke talet på tilsette i nettselskap utover dei strukturelle endringar og tilpassingar som likevel skjer i bransjen.

For regionale enøksentre (RSane) inneber forslaget at dei ikkje lenger får tilført oppgåver frå nettselskapa knytt til lovpålagt enøk. Det blir likevel skapt nye høve gjennom at den nye institusjonen har behov for å få utført eit breitt spekter av oppdrag. Ei satsing retta både mot nye produkt og andre oppdragsgivarar, vil kunne gi RSane fleire bein å stå på. Korleis sentra vil utnytte sitt etablerte nettverk og utvikle seg vidare, vil i stor grad avhenge av det val eigarane gjer av framtidig forretningsstrategi.

Forslaget om omorganisering vil venteleg ha positive konsekvensar for næringslivet generelt gjennom at det blir stimulert til auka etterspørsel etter ulike energiprodukt og auka etterspørsel etter konsulenttenester. For både NVE sine operatørar og RSane inneber dette auka marknadshøve. Alle dei aktørane som i dag har erfaring og kompetanse vil kunne stille sterkt i konkurransen om å få oppdrag frå den nye institusjonen.

Forslaget vil generelt ikkje få økonomiske konsekvensar for forbrukarane. Den nye organiseringa vil medføre at dei produkt forbrukaren får tilbake i form av tiltak for avgrensingar i energibruk og tiltak for ny miljøvennleg energiproduksjon, vil kunne bli fleire og betre enn under den gamle organiseringa.

## 6.2 Personalforhold

---

Norges vassdrags- og energidirektorat vil bli berørt ved at den nye institusjonen i utgangspunktet overtek alle dei tiltak som NVE i dag har innan fagområdet omlegging av energibruk og energiproduksjon. Oppgåvene vil bli overførte gradvis til den nye institusjonen frå denne blir etablert medio 2001, til institusjonen er fullt operativ frå 1.1.2002. Fagområdet i NVE omfattar 13 årsverk. Det er lagt til grunn at den nye institusjonen i utgangspunktet skal ha 20-30 tilsette. Bortfallet av oppgåver vil innebere overføring av budsjett og bemanning frå NVE innanfor dette fagområdet til den nye institusjonen, seinast med verknad frå 1. januar 2002.

Departementet er oppteke av at ei slik omstilling blir gjennomført på ein ryddig måte i tråd med intensjonane i Hovudavtala og lokale avtaler med dei tilsette sine organisasjonar.

## 6.3 Konklusjon

---

Forslaget til ny finansieringsmodell og omorganisering av verksemda ryddar opp i og forenkler den forvaltninga som er i dag. Dei finansielle rammene blir meir stabile. Den fragmenterte og uklare arbeidsdelinga mellom NVE, operatørar, nettselskap og RSar som er i dag, blir løyst gjennom å samle verksemda under ein institusjon. Det blir vidare lagt til rette for auka bruk av konkurranse om oppdrag. Samla sett legg endringane grunnlag for ein meir kostnadseffektiv bruk av midlar, og betre kontroll og oppfølging av den verksemda som skal understøtte omlegging av energibruk og energiproduksjon.

## 7 Merknader til dei enkelte føresegnene

### 7.1 Merknader til endring i § 3-4 (vilkår)

---

Forslaget er omtalt ovanfor under kap. 5.1.

Departementet vil presisere at forslaget til endra § 3-4 første ledd nr 5 ikkje inneber noka endring av det materielle innhaldet i føresegna når det gjelder heimel for å setje vilkår og gi forskrifter overfor områdekonsesjonærar om «utarbeidelse av planer for en rasjonell energiforsyning innen området».

### 7.2 Merknader til ny § 4-4 (omlegging av energibruk og energiproduksjon)

---

Første ledd slår fast at departementet kan avgjere at omsetningskonsesjonærar som tarifferer nettenester skal leggje eit påslag i tariffen for uttak av elektrisk energi til sluttforbruk i nettet. Forslaget inneber at påslaget kan gjerast obligatorisk, og kan leggjast på alt uttak av elektrisk energi til sluttforbruk. Nærare utforming og gjennomføring av ordninga blir foreslått regulert ved føresegn, jf. siste ledd.

Siste punktum i første ledd fastslår at omsetningskonsesjonær som tarifferer nettenester skal innbetale bidraget til eit energifond.

Andre ledd fastslår at energifondet sine midlar skal nyttast til tiltak retta mot omlegging av energibruk og energiproduksjon i samsvar med vedtekter som blir fastsette av departementet. Forslaget inneber at fondet sine inntekter og utgifter ikkje skal først i statsrekneskapen. Ordninga fell dermed utanfor skatteomgrepet i Grunnlova § 75 bokstav a. Departementet vil vere ansvarleg for forvaltninga av fondet.

Tredje ledd slår fast at skuldig bidrag er tvangsgrunnlag for utlegg. Der som bidraget ikkje blir betalt til forfalltid skal det betalast rente etter lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling m.m. Den som skal forvalte fondet vil også føre tilsyn med at netteigarane overheld sine plikter etter lovføresegna og føresegner gitt i medhald av denne.

Fjerde ledd fastslår nærare kva slag føresegner som kan gis om ordninga. Føresegnene kan gjelde nærare utforming og gjennomføring av ordninga, under dette storleiken på påslaget, grunnlaget for påslaget, utrekning av bidraget i forholdet til reglane om tariffar, inntektsrammer m. v., sjølv innbetalingane til fondet, rente (jf. tredje ledd), innkrevjing og kontroll m.m.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om pro-

Om lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)

duksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova).

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag til lov om endringer i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova)**

### I

I lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) blir det gjort følgende endringer:

§ 3-4 første ledd nr. 5 skal lyde:

5. Det kan fastsettes *vilkår omutarbeidelse* av planer for en rasjonell energiforsyning innen området.

Ny § 4-4 skal lyde:

*§ 4-4. (Omlegging av energibruk og energiproduksjon)*

*Departementet kan bestemme at omsetningskonsesjonær som tarifferer netjtjenester skal legge et påslag i tariffen for uttak av elektrisk energi til sluttforbruk i nettet, som skal betales som bidrag til et energifond.*

*Fondets midler skal anvendes til tiltak rettet mot omlegging av energibruk og energiproduksjon i samsvar med vedtekter som fastsettes av departementet.*

*Skyldig bidrag er tvangsgrunnlag for utlegg. Betales bidraget ikke til forfallstid, svares rente som fastsatt i medhold av lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.*

*Departementet gir forskrifter om utforming og gjennomføring av ordningen, herunder om størrelse på påslaget, grunnlag, beregning av bidraget, innbetalinger til fondet, rente, oppkreving og kontroll m.m.*

### II

Lova gjeld frå den tid Kongen avgjer.

---

---